



## Årsmelding for Skala Brass Band 2017

Skala Brass Band har delteke på ulike arrangement lokalt og rundt i regionen vår. Det er mange faste postar på programmet, noko vi set stor pris på. Det er óg kjekt med invitasjon til nye stader og arrangement. Skala speler til Guds ære, og håper at tilhøyrarane kjenner vi formidlar noko meir enn berre god musikk. Vi har i mange samanhengar fått kjenne at Herren er med.

I 2017 har Tom Brevik vore dirigent, og held fram også våren 2018. Skala er veldig takknemleg for innsats og engasjement han utøver.

Første oppdrag i 2017 var speling på storsamling ved Frekhaug bedehus. Eitt av dei faste arrangementa våre er Skalabasaren, som er ein viktig post på vårprogrammet. I april var Skala så heldige å få delta som overraskande innslag ved John Villy Sandvik sin 70-årsdag. Takk for det! Vidare utover våren spelte Skala på NMS-fest, elevstemne ved Nordhordland folkehøgskule og friluftsgudsteneste i Bøkeskogen. Vi rettar stor takk til nye og gamle Skalavener som stiller opp og støttar oss i arbeidet vårt.

I september hadde Skala øvingshelg i Ulvik i Hardanger. I oktober deltok Skala på gudsteneste i Knarvik kyrkje i samband med markering av 500-årsjubileet for Luthers reformasjon. Tom Brevik komponerte stykke spesielt for denne gudstenesta, der det også vart leigd inn solistar. Vidare utover hausten har Skala spelt ved julemesse til Frekhaug Indremisjon, julekonsert i Meland kyrkje og julespeling i Knarvik senter. Skala er takksame for samarbeid med aktørar i nærområdet vårt, og håper vi kan halde fram med dette i tida framover.

Skala er eit geografisk samansett korps, men det er framleis Meland som er heimkommunen vår. Vi set stor pris på at vi får ha øvingane våre i bedehuset til Frekhaug Indremisjon, og takkar for godt samarbeid i 2017.

### Besetning

I 2017 har det vore nokre som har slutta, og nye som har begynt. Våren 2017 talte Skala 15 medlemmer. Dette semesteret valte Mons Eikeland å gi seg. Skala set veldig stor pris på den innsatsen og det engasjementet han har vist dei åra han har vore med. Takk for det!

Haustralvåret talte Skala 17 medlemmer. Ein gjekk ut i permisjon, medan tre nye begynte. Det er gledeleg med nye musikantar! Framleis er vi sårbare på enkelte stemmer og instrumentgrupper, og vi prøver å rekruttere nye medlemmar på ulike måtar. Ved enkelte speleoppdrag i løpet av året har vi hatt dyktige vikarar på viktige stemmer. Det set vi stor pris på.

## **Økonomi:**

Skalakvelden gav oss nok ein gong eit godt resultat, det beste vi har hatt den tida Skala har arrangert basar. Det gler vi oss over. Takk til alle som har vore med og bidratt.

På grunn av endringar i besetning og fleire nye medlemmer, blei årsmøtet 2017 einige om å gå til innkjøp av nye skjorter dette året. Det har også medført ein større utgiftspost, sjølv om medlemmer har betalt eigenandel. Samstundes er det også ei naudsynt investering. Av andre utgifter vi ser ein auke i, er instruksjon og vedlikehald av instrument.

Styret jobbar med å finne fleire måtar å skaffe inntekter på. Det skjer i form av søknader om ulike tilskot, samt førespurnad om dekking av instruksjonsutgifter på speleoppdrag utanfor Meland kommune.

Vi takkar for alle som har bidratt med pengegåver til Skala i løpet av 2017.

## **Sosialt:**

Det sosiale miljøet er godt i Skala. Medlemmane bryr seg om kvarandre, og tek godt imot nye musikantar.

## **Fordeling av verv**

### Styret

- Silje Parr vart attvald som leiar for eit nytt år
- Styremedlemmer valde for 2 år: Hilde Marie Angelskår og Hilde Langeland Johansen
- Styremedlemmer (valt for 2 år i 2016): Magni Håland Dyrøy og Sveinung Fosse
- Varamedlem vald for eitt år: Nelly Beate Terum
- Hilde Langeland Johansen tok permisjon frå Skala hausten 2017. 02.10.17 vart Arnfinn Norheim valt inn som vara. Nelly Beate Terum rykka opp som fast styremedlem

### Øvrige verv

- Materialforvaltarar valde for eitt år: Sveinung Fosse og Arild Haugland
- Noteansvarlege valde for eitt år: Arnfinn Norheim og Magni Håland Dyrøy
- Valkomit  vald for eitt år: Herdis Blom og Yngvar Ruud
- Revisor vald for eitt år: Ingeborg Angelskår

## Program 2017

- Vår

19.februar: Speling storsamling Frekhaug bedehus

11. mars: Skalabasar

2.april: NMS-fest Frekhaug bedehus

8.april: Speling i John Villy Sandvik sin 70-årsdag

27. mai: Elevstemne Nordhordland Folkehøgskule

11. juni: Friluftsgudsteneste Bøkeskogen

Antall øvingar: 22

- Haust

16.-17. september: Øvingshelg Hardanger

29. oktober: Speling reformasjonsgudsteneste i Knarvik kyrkje

18. november: Julemesse Nordhordland Folkehøgskule

10. desember: Speling storsamling Frekhaug bedehus

11. desember: Speling Knarvik senter

Antall øvingar: 18

Bergen, 09.01.2018

Skala Brass Band,  
v/ leiar Silje Parr